



Informasjon vedkomande stortings og sametingsvalet 2013

Står du i manntalet?

For å kunne røyste ved stortingsvalet den 9 september i år – eller førehandsrøyste til dette valet – må du stå i manntalet.

Vi har no lagt ut manntalet for Gulen i ekspedisjonen på kommunehuset. Du kan også ringe ekspedisjonen på tlf 57 78 20 00 for å sjekke om du står i manntalet.

Valstyret vil oppdatere manntalet så lenge det er praktisk råd. Dersom du har flytta til ein annan kommune og meldinga om flytting ikkje er motteken i folkeregisteret innan 30. juni 2013, står du framleis i manntalet i den kommunen du flytta ifrå. Då kan du velje om du vil røyste på valdagen i den kommunen du har flytta frå, eller om du vil førehandsrøyste i ekspedisjonen i Gulen kommune – eller i ein annan kommune.

Dersom du meiner det er feil eller manglar ved manntalet, må du gje melding til valstyret. Krav om retting skal vere skriftleg og grunngjeve, og skal sendast Gulen valstyre, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik.

Førehandsrøysting

Ordinær førehandsrøysting tek til **12. august** og er mogeleg fram til og med **6. september**.

Førehandsrøystinga finn stad ved ekspedisjonsavdelinga i Gulen kommune kvar arbeidsdag mellom kl 10.00 og 14.00.

I tillegg vert det førehandsrøysting **FOR ALLE INTERESSERTE** på bu- og omsorgssentra desse datoane:

Stad	Dato	Tid
Gulen sjukeheim	fredag 30. august	kl 11.00 – 13.00
Eivindvik bu- og omsorgssenter	laurdag 31. august	kl 10.00 – 13.00
Byrknes bu- og omsorgssenter	laurdag 31. august	kl 10.00 – 13.00
Dalsøyra bu- og omsorgssenter	laurdag 31. august	kl 10.00 – 13.00
Brekke bu- og omsorgssenter	laurdag 31. august	kl 10.00 – 13.00

Alle røysteføre skal få tilsendt valkort. Kortet bør takast med når du skal røyste i tillegg til legitimasjon. Det er venta at valkorta vert sendt ut frå leverandøren frå og med veke 31/32.

Heimerøysting

Dersom du ikkje kan komme til eit vallokale fordi du er sjuk eller ufør, kan du søkje valstyret i Gulen kommune om å få røyste heime eller der du held til.

Ved heimerøysting kjem to valmedarbeidarar frå kommunen heim til veljar som ikkje har høve til å komme seg til eit røystelokale. Valmedarbeidarane har med et "minirøystelokale" med røystesetlar, valurne og alt anna som trengs. Dei som røyster heime må hugse å ha legitimasjon tilgjengeleg.

Søknadsfristen for å få røyste heime er onsdag 4. september.

Det er ingen formelle krav til innhaldet i søknaden, men det må gå fram av søknaden at veljar er sjuk eller ufør og derfor ikkje er i stand til å førehandsrøyste ein annan sted.

Søknad sendast anten:

- skriftleg til Gulen valstyre, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
- per telefon 57 78 20 00
- per epost til postmottak@gulen.kommune.no

Hjelp i røysteavlukke

Dersom du har behov for hjelp i røysteavlukke, kan du få det av ein av valmedarbeidarane. I heilt særskilte høve (alvorleg psykisk eller fysisk funksjonshemming) kan du få peike ut din eigen hjelpar i tillegg til valmedarbeidaren.

Røysting på valdagen 9. september

Valdagen den 9. september må du røyste i den kommunen der du var registrert i folkeregisteret som busett 30. juni 2013.

Her er eit oversyn over valkrinsane i Gulen ved storingsvalet 2013

Krins:	Røystestad:
Eivindvik	Administrasjonsbygget
Dalsøyra	Dalsøyra samfunnshus
Eide	Eidsbotn grendahus
Byrknesøy	Byrknes skule
Brekke	Risnehall samfunnshus

Røystetid på valdagen er kl. 10.00–18.00 i alle krinsane.



Kva må eg ha med for å røyste?

Vallova seier at ein velgjar som er ukjend for røystemottakar skal legitimere seg. **Ta derfor med legitimasjon når du skal røyste**, det er ikkje nok å oppgi namn og fødselsdato. Legitimasjon kan til dømes vere pass, førarkort og bankkort med bilete.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon som sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å stadfeste identiteten din.

Det er ikkje nødvendig å ha med valkort, men det lettar arbeidet for valfunksjonærane dersom du tar det med, og det vil gå raskare for deg å røyste.